

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:
Tal prenta vedlegg: *
Tal uprenta vedlegg: *

Nasjonal transportplan 2006-2015 - Handlingsprogrammet Marginalvurderingar innanfor post 31, Rassikring

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet legg til grunn Statens vegvesen sine marginalvurderingar for post 31, Rassikring.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Bakgrunn

Vegdirektoratet har i notat av 25.april 2005 bede om at det vert utarbeidd marginallister for post 31 Rassikring for 2006 for Statens vegvesen Region vest. Fylkeskommunane har motteke brev frå Statens vegvesen om dette, datert 10.05.05. Høyringsfristen var sett til 25.mai.

Vestlandsforsøket har også motteke dette, og saka var oppe i Administrativ koordineringsgruppe 06.06.2006. Vestlandsrådet får saka til handsaming sjølv om den formelle høyringsfristen er ute. Dette er avklart med Statens vegvesen.

Statens vegvesen sitt forslag til marginalliste

Region vest har fått tildelt ei økonomisk ramme på i alt 100 mill.kr til rassikring i 2006. Marginallista skal innehalde forslag ved ei auke i rammene på 10%, dvs 10 mill.kr, og ved ein reduksjon på 30%, dvs 30 mill.kr.

Marginallistene byggjer på forslag til rassikringsplan for Region vest og forslag til rassikringstiltak som ligg i forslaget til Handlingsprogram for 2006-2015.

I 2006 er det i handlingsprogrammet sett opp følgjande prosjekt med statleg finansiering:

Rv 503	Gloppedalen, Rogaland:	21 mill.kr
Rv 7	Furlo, Hordaland:	25 mill.kr
E 16	Sivle /Stalheimtunnelane, Hordaland:	11 mill.kr
Rv 13	Bugjelet - Kobberstille, Hordaland:	6 mill.kr
Rv 550	Solesnes, Hordaland:	7 mill.kr
Rv 7	Menes, Hordaland:	15 mill.kr
Rv 55	Fatlaberget, Sogn og Fjordane:	15 mill.kr

I tillegg ligg Rv 13 Navragjelet – Brimnes, Hordaland inne med 7 mill.kr i ekstern finansiering i 2006. Dette prosjektet er sett opp med 16 mill.kr i statleg finansiering i 2007.

Auke i rammene på 10 mill.kr:

Når Statens vegvesen prioriterer prosjekt ved ei eventuell auke i ramma tek dei først utgangspunkt i dei prosjekta som har fått midlar for å sjå om desse kan få ei meir rasjonell anleggsdrift med auka midlar. Ut frå dette har Statens vegvesen kome opp med følgjande forslag

1	Rv 13 Navragjelet – Brimnes	5 mill.kr
2	Rv 55 Fatlaberget	<u>5 mill.kr</u>
	Sum:	10 mill.kr

Dette vil gje ei forsering av desse to anlegga, men dei blir likevel ikkje ferdigstilte før i 2008.

Reduksjon i ramma på 30 mill.kr:

Statens vegvesen har føreslege kutt i midlane til Gloppedalen ved ein eventuell reduksjon av ramma. Midlane som er ført opp på Gloppedalen gjeld tilbakebetaling til Rogaland fylkeskommune. I avtalen om forskottering står det tilbakebetaling i 2007, så ein kutt i 2006 vil ikkje vere i strid med denne avtalen. Denne reduksjonen vil heller ikkje føre til forseinking av anlegget. Som neste prosjekt på kuttlista har Statens vegvesen føreslege Sivle

/Stalheimstunnelane, og oppstarten vert utsett til 2007. Vidare er Fatlaberget sett opp på 3.plass. Dette vil gje ein utsett oppstart, men om det blir løyvd tilsvarande midlar seinare i perioden vert anlegget likevel ferdig i 2008. Statens vegvesen sitt forslag til kuttliste:

1 Rv 503	Gloppedalen	-11 mill.kr
2 E 16	Sivle /Stalheimstunnelane	-11 mill.kr
3 Rv 55	Fatlaberget	<u>-8 mill.kr</u>
	Sum:	-30 mill.kr

Handsaming i fylka

Dette er ei sak for Vestlandsrådet (forsøket) og skal i utgangspunktet ikkje handsamast i dei enkelte fylka.

Sogn og Fjordane:

Administrasjonen la dette fram for hovudutvalet for samferdsle som ei meldingssak i møte 25.05.05. Utvalet ville heller hatt det som ei sak, og dei peika på at det var uheldig å ha Fatlaberget med på kuttlista sidan dette er eit prosjekt delvis finansiert av bompengar.

Hordaland:

Hordaland fylkeskommune har ikkje hatt saka til handsaming.

Rogaland:

Rogaland fylkeskommune v/ fylkesordførar har i brev til Statens vegvesen datert 13.05.2005 skreve følgjande:

”I forslaget fra Statens vegvesen legges det opp til at en evt. Rammereduksjon i region vest fullt og helt skal tas på prosjektet Rv 503 Gloppedalen med 11 mill.kr. Tilsvarende at en evt. Rammeøkning går til to prosjekter i Hordaland og Sogn og Fjordane.

For Rogaland er dette helt uakseptabelt. Alle de tre aktuelle prosjektene er høgt prioritert i rassikringsplanen. I forhold til Rv 503 Gloppedalen har Rogaland ved fylkeskommunen og berørte kommuner også forskottert et betydelig beløp. Vi forutsetter at evt. Rammereduksjon eller –økning fordeles mellom de tre prosjektene.”

Statens vegvesen har sendt svar til Rogaland fylkeskommune der dei grunngjev forslaget. Sja vedlegg.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen ser det som svært uheldig at høyringsfristen er så kort at det hindrar ein god politisk prosess. Dette burde vore handtert i samband med Nasjonal transportplan, Handlingsprogrammet.

Når det gjeld dei konkrete vurderingane til prosjekt legg fylkesrådmannen Statens vegvesen sitt forslag til marginalister til grunn.